

# Samnanger

## – der du vil leva og bu



### Vedtekter for bruk av konsesjonsmidlar i Samnanger kommune

Vedteke i sak 006/11 i møte den 26.4.2011 i viltnemnda.

#### Mål

Fondet har som mål å fremja fisk-, vilt- og friluftsformål som grunnlag for helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenlege fritidsaktivitetar i Samnanger kommune.

#### Kven kan søka

Fondet kan nyttast til tiltak som tek vare på eller betrar tilhøva for fisk, vilt og friluftsliv i Samnanger kommune. Privatpersonar, frivillige organisasjonar og offentlege instansar kan søka om tilskot.

#### Døme på tiltak:

- Vilt og fiskekultivering.
- Tilrettelegging for ålmenta sin bruk av utmark.
- Kartlegging av vilt og fiskebestandar.

#### Fordeling av tilskot

Grunnkapitalen i fondet skal alltid vera større enn kr 80 000. Det vert teke sikte på å fordela inntil kr 110 000 i året, men dersom særleg gode søknader ligg inne så kan det brukast større summar enn dette, så lenge det ikkje går utover punkt 1. Det vert ikkje gjeve tilskot til prosjekt som kan gjera skade på viktige miljøverdiar.

Dei faste årlege utgiftene skal dekkast først. Dette gjeld:

- Samnanger jeger og fiskarlag får kr 15 000 som driftstilskot kvart år. Tilskotet vert betalt ut etter innsending av årsmelding frå laget der det vert vist at det har vore aktivitet som er i samsvar med formålet til fondet. Arbeid som inngår i dette er å arrangera jegerprøvekurs, drift av klekkeri for lakseyngel, organisering av sal av fiskekort og jaktkort.
- Leige av grunn for laksetrapp i Tysseelva. Kr 5 000 (indeksregulert).

Dersom det er naudsynt med prioritering av søknadar vert desse tilhøva vektlagt:

- Fisketiltak.
- Tiltak i nedslagsfelt for regulerte vassdrag.
- Tiltak som gagnar ålmenta
- Delfinansiering av tiltak som har fått løyving om tilskot frå miljøverndepartementet sine midlar.

#### Tilskotsatsar

Inntil 75 % av kostnaden avhengig av andre finansieringskjelder og mengda tilgjengelege midlar i høve til søknadsmassen.

Heile eller delar av fondet kan haldast attende dersom det ikkje ligg føre godt kvalifiserte søknader.

**Søknadsfrist og sakshandsaming**

Søknadsfristen vert sett til 1. april.

Vilt og innlandsfiskenemnda i Samnanger fattar vedtak om løyving av tilskot.

For søknader som inneholder tiltak som krev godkjenning frå kommunen eller andre offentlege instansar, må slik godkjenning vera gitt før det kan løvvast tilskot.